

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	22/236

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/2022	Kommunestyret	PS	29.09.2022

Orienteringssaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
034/2022.1	Informasjon til Modalen kommunestyre, sak 35/22 frå kontrollutvalet - forvaltningsrevisjon
034/2022.2	Inntektssystemutvalgets NOU 2022:10
034/2022.3	Protokoll 4-2022 Regionrådet Nordhordland, fredag 3. juni
034/2022.4	Høyring ny selskapsstruktur i NGIR - ny frist 31. desember 2022
034/2022.5	Høyring og offentlig ettersyn - Regional plan for klima
034/2022.6	NGIR gebyr og purring

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 034/2022

KS - behandling:

Ordførar orienterte om:

- Inntektssystemutvalgets NOU 22:10 er no lagt ut på høyring, med frist 22. desember. Kommunestyret får denne saka til drøfting og innspel på neste møte, med tanke på å vedta høyringsuttale i desembermøtet. Både kommunen og LVK vil lage høyringsuttale i saka.
- Det er planlagt møte med vegavdelinga til Vestland fylke 17. okt. Møtet inkluderer synfaring på

flomutsette område mellom Mo og Øvre Helland, samt synfaring på strekket mellom Slottet og Mo i høve møttestadar, kantsikring og skadar på vegdekket.

-Laurdag 3. des vert det julefest for politikarar og tilsette med følge i Flodmaal. Nærare informasjon og invitasjon kjem.

-Modalen kommune vil gje 25000 kr til TV aksjonen i år, det støtta går til Leger uten grenser.

-Kontrollutvalet har valt tema for forvaltningsrevisjon i inneverande periode: Oppfølging av politiske vedtak

Rådmannen orienterte om:

-Kommunen har per dags dato busett fem flyktningar frå Ukraina. Det er ein utfordring med å ha nok tilgjengelege bustader på og nær Mo dersom ein skal busette fleire flyktningar. Det er vanskeleg å busette flyktningar langt frå butikk og andre servicetilbod når kollektivtilbodet er så begrensa.

-På grunn av oppgradering av Kvernhusbekken bru, vert fylkesvegen i området stengt for gjennomgåande trafikk frå søndag 9. okt klokka 2000 til søndag 16. okt klokka 2359. Kommunen planlegg konsekvensar av stenginga i lag med mellom anna brannvesenet. Ein planlegg transportløyising for tilsette og evt innbyggjarar internt i kommunen denne veka. Det vert etablert gangbru for gåande i heile stengingsperioden.

-Statnett orienterte om planar for bygging av ny transformatorstasjon som skal erstatte dagens stasjon på Nygård. Eksisterende stasjon rives. Det er og planlagt å rive eksisterende linje mellom Nygård og Steinsland og bygge to nye linjer i dagens trase. Arbeidet vil kreve utviding av deler av Nygårdsveien og bygging av ca 2 km ny veg frå Balane mot Nygård. Tiltaka i Modalen er viktig for å sikre forsyningstryggleiken i regionen og forsterke nettet. Statnett svarte etter presentasjonen på spørsmål frå kommunestyret om alternative plasseringar og vurderingar knytt til desse prioriteringane. Prosessen vidare er at Statnett sender konsesjonssøknad til NVE om planane i løpet av 2022. NVE sender så saka ut på høyring til kommunar og andre interessentar. Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering.